



Kunnskapsdepartementet

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Anne Wergeland

Vår ref. Telefon
2008/101 - 0 - 56375141
174/2013

Arkivkode: Dato:
032 03.01.2013

Høyring om framlegg til endringar i opplæringslova - uttale frå Lindås kommune

Kap. 2 Plikt til å vurdere utbyttet av opplæringa før vedtak om spesialundervisning

Framlegg til nytt tillegg i § 5-4 i opplæringslova (endringar i kursiv):

Skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering.

Vurdering:

Ein pedagogisk rapport vil sikra ei grundig vurdering av om ein elev fått eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Skulane treng eit godt system for denne vurderinga (spes.ped.team). På sikt vil god vurdering av tilbudet og utprøving av ulike tiltak på skulenivå gjere at færre elevar vert meldt vidare til PPT. PPT sitt arbeid kan med det "effektiverast" – færre utgreiingar og meir rettleiing. Det er eit klart ønskje å snu den negative utviklinga vi er inne i no med auke av tilmeldingar i løpet av skulegangen. Vi ynskjer ei forskyving av ressursbruken frå spesialundervisning til ordinær opplæring.

Tilråing:

Lindås kommune er einig i departementet sitt framlegg til nytt tillegg i § 5-4.

Kap. 3 Framlegg om å erstatte halvårsrapport om spesialundervisning med en årlig rapport

Framlegg til lovtekst i § 5-5 i opplæringslova (endringar i kursiv):

§ 5-5 andre ledd skal lyde:

Skolen skal *ein gong i året* utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått og ei vurdering av utviklinga til eleven. *Utviklinga til eleven skal vurderast ut i frå måla som er satt i eleven sin individuelle opplæringsplan.* Skolen sender oversikta og vurderinga til eleven eller til foreldra til eleven og til kommunen eller fylkeskommunen.

Vurdering:

Det er viktig å unngå dobbeltarbeid og at alle elevar, inkludert elevar med spesialundervisning, også vert vurdert etter bestemmingane om individuell vurdering i forskrift til opplæringslova kapittel 3.

Tilråing:

Lindås kommune er einig i departementet sitt framlegg til endring av lovteksten i § 5-5 andre ledd.



Kap.4 Samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan

Framlegg til endring i kapitteloverskrift i opplæringslova og ny § 15-5 (endringar i kursiv):

Ny overskrift: Kapittel 15 Bruk av forvaltningslova Opplysningsplikt *mm*

Ny § 15-5: *Plikt til å delta i arbeidet med individuell plan*
Skolen skal, når det er nødvendig for å ivareta elevens behov for et helhetlig, koordinert og individuelt tilpasset tjenestetilbud, delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i individuell plan hjemlet etter annen lov og forskrift.

Vurdering:

Det er viktig å få fram skilnaden på Individuell opplæringsplan (IOP) og Individuell plan etter andre lovverk. Den individuelle planen skal sikra samordning av dei ulike kommunale tenestetilboda. Den individuelle opplæringsplanen (IOP) kan gå inn som ein del i den individuelle planen. Det er vidare viktig at den kommunale tenesteytinga vert samordna av ein koordinator som har hovudansvaret og at denne ikkje eleven sin lærar. Dette arbeidet ligg utafor skulen si kjemeoppgåve. Koordinator må vere ein som kan følgje tenestemottakaren over lengre tid – både før og etter skulegang. Individuell plan er heller ikkje heimla i opplæringslova. Eit samarbeid mellom det ulike kommunale tenesteytarane er viktig for elevar som har behov for langvarige og koordinerte tenester. Ny lovtekst vil vere med på å tydeleggjere skulen sitt ansvar som part i samarbeidet. Det er vidare bra at det er tydeleg at individuell plan er heimla i anna lovverk. Skulen sitt bidrag må vere relevant og knytt til opplæringsplanen (IOP).

Lindås kommune driv eit kontinuerleg arbeid med samordning av ulike kommunale tenester. Det er ei utfordring å få eit felles grunnlag når tenestene vert styrt av ulike lovverk og ulike forventningar. Skulane medverkar til individuell plan og koordinator er i hovudsak ikkje lærarar. Skulane har i vår kommune fått ansvaret for "ansvarsgrupper". Utfordringane med ansvarsgrupper er ei felles forståing av kva ei ansvarsgruppe er, kven skal vere leiar for arbeidet i gruppa (skulen / lærar / koordinator?), omfang av deltakarar og møte frekvens.

Tilråing:

Lindås kommune er einig i departementet sitt framlegg til endring av kapitteloverskrift og ny § 15-5 i opplæringslova.

Kap. 5 Erstatningsbestemming med delt bevisbyrde i opplæringslova kap. 9 A

Framlegg om ny bestemming om erstatning og delt bevisbyrde i § 9a-8 i opplæringslova kap.9A om psykososialt skulemiljø (endringar i kursiv):

Ny § 9a-8 *Erstatningsansvar og bevisbyrde*
Bestemmelsene i skadeerstatningslovens kapittel 2 gjelder så langt de passer for saker om psykososialt skulemiljø etter bestemmelsene i dette kapitlet.
Hvis det i saker etter første ledd foreligger omstendigheter som gir grunn til å tro at skoleeier ikke har fulgt opp bestemmelser i eller i medhold av opplæringslovens kapittel 9A for å sikre alle elever et godt psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring, skal det legges til grunn at slik oppfølging ikke har funnet sted, hvis ikke den ansvarlige sannsynliggjør at slik oppfølging likevel har funnet sted.

Vurdering:

Bevisbyrdereglane er i hovudsak formelle reglar som ikkje vil endre skulane si plikt etter krava i opplæringslova slik dei er i dag. Desse formelle krava vil derfor føra til auka dokumentasjonsbyrde utan at denne endrar sjølve saka. Skulane skal etter lova slik ho er i dag "aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør." Ytterlegare krav til "rettsleggjering" av skulen vert både ressurs- og tidkrevjande for skulane og fører ikkje nødvendigvis til at det

psykososiale skulemiljøet vert betre eller at mobbeproblemet vert mindre. Framlegget er av den grunn lite nyttig.

Tilråing:

Lindås kommune er ikkje einig i departementet sitt framlegg om ny bestemming om erstatning og delt bevisbyrde i § 9a-8 i opplæringslova kap.9A om psykososialt skulemiljø:

Kap. 6 Foreldelsesfrist for straff i opplæringslovens kap. 9 A:

Framlegg (endringar i kursiv):

§ 9a-7 Straff

Med bøter eller fengsel i inntil 3 månader eller begge delar blir den straffa som forsettleg eller aktaust bryt krava i dette kapitlet eller i forskrifter gitt i medhald av det. Medverknad blir straffa på same måten.

Fristen for foreldelse er fem år når det gjelder brudd på bestemmelser i dette kapitlet som gjelder psykososialt miljø. For øvrig gjelder straffelovens bestemmelser om opphør av straff ved foreldelse.

Vurdering:

Foreldelsesfristen er i dag på 2 år. Dette følgjer strafferamma i bestemminga – fengsel i tre månadar (straffeloven). Vi er usikker på om ei auke av foreldelsesfristen, vil føra til meir rettferd i enkeltsaker og ha ein førebyggjande effekt på det psykososiale skulemiljøet og redusere omfanget av mobbing. Endringane vil her også kunne føra til auka "rettsleggjering" av skulen, vere ressurs- og tidkrevjande utan å ha tilsikta effekt. Alvoret og krava i opplæringslova kap. 9A er tydeleg. Skulane sitt arbeid skal følgjast opp av skuleeigar med tydelege krav om ein praksis i tråd med krava i opplæringslova.

Tilråing:

Lindås kommune er ikkje einig i ei endring av foreldelsesfrist for straff i opplæringslova § 9a-7.

Kap. 7 Felles skulekrinsar mellom kommunar

Framlegg til tillegg til lovtekst om felles skulekrinsar mellom kommunar (tillegg i kursiv):

Opplæringsloven § 8-1 nytt andre og tredje ledd skal lyde:

"Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at områder i ein kommune soknar til ei skole i ein annen kommune. Retten etter første ledd første punktum skal fortsatt gjelde. Kommunane må gi likelydande forskriftsfråsegn om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen.

Samarbeid etter andre ledd må avtales skriftleg. Endringar i avtalen skal skje på same måte. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

- a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til*
- b) det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunane, herunder kostnader til skyssordning*
- c) avtalens varigheit*
- d) regler for uttreden og avvikling av samarbeidet,*
- e) anna som etter lov krev avtale.*

Vurdering:

Kommunane får med dette framlegget høve til å fastsetje forskrifter om felles skulekrinsar mellom to eller fleire nabokommunar. Dette vert allereie praktisert mellom Lindås og Austrheim kommunar. Vi har gode erfaringar med dette samarbeidet. Det er ei føremon at samarbeidet vert heimla i opplæringslova og at innhaldet i ein samarbeidsavtale vert konkretisert.

Tilråing:

Lindås kommune er einig i departementet sitt framlegg til tillegg til lovtekst om felles skulekrinsar mellom kommunar.

Kap. 8 Bruk av personale i skolen som ikkje er tilsett i undervisningsstilling, og som skal hjelpe til i opplæringa

Framlegg til ny § 10-11 i opplæringsloven (tillegg i kursiv)

§10-11 Personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling og som skal hjelpe til i opplæringa

Personale som ikkje er tilsett i undervisningstilling etter § 10-1 eller § 10-6 kan hjelpe til i opplæringa dersom dei får nødvendig rettleiing. Slik hjelp må berre skje på ei slik måte og i eit slikt omfang at eleven får forsvarleg utbytte av opplæringa. Personale som ikkje er tilsett i undervisningstilling skal ikkje ha ansvaret for opplæringa.


Vurdering:

Framlegget er med på å tydeleggjere roller og ansvar i skulen. Det er positivt at stillingsnemninga "assistent" vert endra til "personale som ikkje er tilsett i undervisningsstilling". Dette er ei uensarta gruppe tilsette i skulen som no vil kunne få anerkjenning for den bakgrunnen dei har. Dei vert og sikra rettleiing tilpassa behov og nivå.

Tilråing:

Lindås kommune er einig i departementet sitt framlegg til ny § 10-11 om bruk av personale i skulen som ikkje er tilsett i undervisningsstilling.

Med helsing



Øistein Søvik
rådmann



Anne Wergeland
fagsjef grunnskule